

litt om serien

## Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang. Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utrulig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlende vendepunkt.

Det er akkurat nokre av desse møtepunkta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!

litt om tema:


### Jesus og Kvinnen ved brønnen

Den kjensla som handlar om at du ikkje passar inn, ikkje er god nok, flink nok eller fin nok - har du hatt den nokon gong? At du berre er feil?

Kvinnen ved brønnen er ein slik person. Sett ned på av andre og skvisa ut av sosialt liv. Ho går og hentar vatn på heilt andre tidspunkt enn alle andre, så ho kan slippe anklagende blikk og harde, drepende ord.

Så møter ho Jesus der ved brønnen, men det er alt anna enn harde, drepane ord og anklagende blikk. Denne Jesus er annleis. Med blikk som set fri, ord som gjev håp og løft. Likefullt ærlige ord, eit blikk som ser alt - men som ikkje viser vekk og fordømmer, men tilgjev, omfavner og gjev ein ny start. Levande vatn - bilete på livet fra Gud, skyller inn over denne dama når ho trur at Jesus er Messias, og ALT vert nytt! For Jesus møtte ho der ho var, slik ho var: livsforvandlande vendepunkt!

# Outsideren



## Bibel

### Joh 4, 1-30 Spørsmål til teksten

1. Kvifor vert kvinnen overraska over at Jesus tar kontakt med henne? Dette var tydelig uventa. Korleis reagerer ho?
2. Jesus snakkar om at det levande vatnet og kombinerer denne metaforen med ein rå og brutal ærlighet på livet slik det er. Kvifor er dette så frigjerande for ho?



## Misjon

### Gjennom deg og vidare

Det finnast så mange som erfarer avisning, småleggjering og dette utenforskapet. Kven kan du møte med sjokkerande aksept, fellesskap og vennskap i vekene som kjem.



## Fellesskap

### Den ærlege samtaLEN:

1. Er det områder av livet du kan kjenne deg som ein skikkelig outsider? Korleis kjennes dette ut for deg?
2. Kvinnen stiller mykje spørsmål. Har du rom og tid og folk å stille spørsmål til i livet ditt?
3. Ærlig sanning og tilgjevande nåde: anten-eller eller både-og?



## RauShet

### Takksam deling

Øv i husgruppe på å dele dei sårbare tinga med kvarandre, for det er dei tinga som anten har eller kjem til å skape den største gleda og det finaste fellesskapet i livet.



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans store romslege favn - at han ønskjer å ta oss inn og gje oss sitt liv.
2. Be om mot til å våge å dere ærlige med liva våre slik dei er. For det er i våre sår og i vår synd vi treng Guds nåde aller mest.
3. Be om blikk og ord som kan møte menneske slik Jesus møter menneske. del bønneemner og be for kvarandre

Som kristne veks vi ved å lære oss å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blitt ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.  
**Kva Høyrdé eg?**      **Kva Gjer eg med det?**

vende-  
LIVSFORVANDLANDE  
PUNKT  
MØTER MED JESUS